



Det kongelige miljøverndepartementet
Boks 8013 dep
0030 OSLO

Vår ref.:
200200131-4/E: C50/SLAE

Dykkar ref.:

Årdalstangen, 12062002

Uttale - Fortid former framtid – NOU 2002:1

I møte i komite for kultur og miljø 3.06.02 sak 6/02 vart det gjort slikt vedtak:

Kultur og Miljøkomiteen i Årdal Kommune ser svært positivt på utgreiinga og konklusjonane som er lagt fram.

Det er eit viktig framtidsmål å setja i verk tiltak som gjer at folk i kommune og særleg dei unge får meir kunnskap og kompetanse om kulturminnevernet og korleis desse kan nyttast

Det å nytta nettverksbygging i lokalsamfunnet som grunnlag for lokal mobilisering og å tenkja og å handla på tvers vil vera avgjerande for om dei gode intensjonane som er lagt fram vil kunna setjast om i praktisk handling. I så måte er det rett veg å gå at kommunane vert tildelt meir ansvar i kulturminnearbeidet.

Skal eit slikt arbeid lukkast for eksempel i samband med automatisk freda kulturminne må det også stillast krav til forskning, høgskular og universitet, musea og fylkeskommunen at dei samhandlar med kommunane. Særleg er dette viktig der kunnskap er grunnlag for eit framtidig utviklingsarbeid. I fleire samanhengar kan det vera naudsynt å føra attende arkeologiske funn som i dag er førte ut av funnkommunen under føresetnad av at det vert funne musealt forsvarleg. Det vil auka interessa for lokale kulturminne og for kommunane sitt arbeid og gi auka attraktivitet til kulturminna.

I utlandet er ein komen langt på å byggja opp kompetanse på interpretasjon og interpretasjonsplanlegging - på korleis ein kommuniserer essensen av ein stad eller det ein ønskjer å syna fram for besøkande. På same vis må planprosessane i kommunane kunna byggjast opp etter ein slik metode også her i landet. Interpretasjon handlar om spesielle stader - om å tolke og formidle naturen og kulturarven.

Der kulturarven kan knytast til nasjonalt prioriterte område som f.eks. ein Nasjonalpark må staten ved Miljøverndepartementet ha eit ansvar for v. eks. å gi direkte økonomisk stønad til prosjekt. Det bør straks setjast i gang forsøk med slik interpretasjonsplanlegging.

Slike forsøk kan gå inn i ein overorda plan for langsiktig oppbygging i utviklingssamarbeidet.

Postadresse
Årdal kommune
Postboks 40
6881 Årdalstangen

Besøksadresse
Service-sentralen Ø.Å
Øvre Årdal
E-postadresse
postnottak@ardal.kommune.no

Telefon
57 66 50 00
Telefaks
57 66 54 05

Foretaksregisteret
954 679 721
Bankkonto
8483.07.00179



Årdal Kommune seier seg interessert i å delta i slike prosjekt, som også må knytast til utvikling og nye media.

I oppsummeringa s.146 punkt 13.4 vert det gjort framlegg om å setja av prosjektmidlar som gjer det råd å få til eit meir attraktivt samarbeid her i landet og med utanlandske aktørar. Eit slikt prosjekt vil vera attraktivt for Årdal Kommune å vera med på med utgangspunkt i Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde, Vikingegardsanlegget på Ytre Moa og dei andre vikingtidsfunna i Årdal, det verneverdige bygningsanlegget "Ne før sjøen" og arrangement i William Cecil Slingsby sine fotefar.

Komité for kultur og miljø vil peika på at føresetnaden for at kommunane skal ta på seg meir ansvar og oppgåver er at staten stiller naudsynnte midlar til rådvelde . Utan ei statleg finansiering vil ikkje intensjonane i NOU'en vera råd å gjennomføra. Staten må også stilla eigne midlar til rådvelde for prosjekt. Overført ansvar må også ha som konekvens at det fylgjer midlar med.

Vi gjer også merksam på at Årdal Kommune har sagt ja til å ta del i Kulturminneprosjektet som Miljøverndepartementet har løyvd midlar til gjennom Riksantikvaren og sett i gang gjennom Norsk Kulturskuleråd der Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er med i pilotprosjektet. Vi vil også peika på at vi har sagt oss viljuge til å ta del i prosjektet Viking Destination i Eu- programmet Interreg II programmet og som truleg vert vidareført i Interreg III.

Vi gjer merksam på at Ytre Moa er peika ut som eit satsingsområde i den nye kommuneplanen for Årdal Kommune 2002- 2005.

-Kulturtilbod og kulturminne skal gjerast synlege og utvikle lokal identitet.

I rehabilitering av Samfunnshuset i Øvre Årdal vil det og bli lagt vekt på å få til utstillingslokale som kan vera tenlege i denne samanheng.

Vi syner til vedlegg "Ytre Moa – Årdal sin juvel" som har vore bakgrunnsmateriale for denne uttalen saman med NOU – Fortid formar framtid.

Formidling og samarbeid på tvers av forvaltningsnivå, etats og institusjonsnivå vil vera avgjerande for å lukkast og vil stå sentralt i vårt arbeid framover.

Med helsing
ÅRDAL KOMMUNE

Steinar Lægveid
57 66 54 10
slae@ardal.kommune.no

Vedlegg: Ytre Moa –Årdal sin juvel


Ytre Moa – Årdal sin juvel

Steinar Lægheid

«Ein haustdag i september er Ytre Moa terrassen fylt av eit yrande liv. Skulen har kombinert turdagen med undervisning om Årdal si gamle historie. Nokre av skuleelevane vandrar på stiane mellom gravhaugane og tuftene, andre er komne inn i det spanande rekonstruerte huset der dei får sjå korleis ein budde i vikingtida. Til helga har turlaget lagt opp tre fjellturar med utgangspunkt på Moa, ein kortare dagstur til koparverksgruva i Blåberg, ein langtur inn i Jotunheimen for å sjå den fyrste fossen som vart verna her i landet og ein til Skrivarhelleren i Moadalen. Informasjon og påmelding har gått gjennom «Kulturhistorisk Atlas og Leksikon» for Sogn og Fjordane. Nokre fotturistar er klare for eigne turar og stikk innom «senteret» for informasjon om turlaget sine ruter innover i fjellet. Senteret sin konferansesal er i bruk til møte utover dagen, men vil bli pynta til fest til kvelden.»

Dramatisk naturlandskap

Ytre Moa ligg i Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke, og inngår i eit landskap der naturhistoria er sterkt uttrykt gjennom samspelet av dei ulike



Figur 1. Ytre Moa i istida.

Ytre Moa during the Ice Age.

landskapsformene; fjell, breelvplatå, elvar og dalbotn (fig. 1). Terrassane på Moa og Ytre Moa er avsett av breelver og er rekna som særst interessante kvartærgeologiske førekomstar. Dei markerer òg to av dei største og klåraste MG (marin grense) – terrassane på Vestlandet, 103 m.o.h. Difor har staden ei interessant geologisk historie å fortelja som kan gje forklaring på dramatikken i landskapet.

Området byr òg på flotte naturopplevingar. Platået er eit attraktivt spaser/turområde i dagleg lokal samanheng i tillegg til å liggja ved viktige innfallsportar til Jotunheimen. Informasjon om tur- og rekreasjonsmulegheitene i området vil difor vere interessant både for lokalsamfunna og for turistane.



Steinar Lægheid (f. 1945). Statsvitskap og sosiologi mellomfag ved Universitetet i Oslo. Journalist og redaktør ved Nynorsk Pressekontor 1975–77 og 1985. Kultursjef i Årdal kommune frå 1977.

Hydro Aluminium-Årdal metallverk er næraste nabo til Ytre Moa. Som ei viktig brikke i norsk industrihistorie kneisar desse 2 områda mot kvarandre og lagar eit spanande samvirke mellom fjell, fjord, vatn og vasskraft, skog, jordbruk og metall. Motsetningane kan nyttast for å laga samanhengande framstillingar av dei ulike historiske elementa og setja dei i perspektiv (fig. 2).


Unik kulturhistorie

Gardsanlegget på Ytre Moa høyrer til gruppa høgt prioriterte førhistoriske kulturminne i Sogn og Fjordane. Både i fagleg og populærvitskapleg litteratur nyttar ein dette anlegget som referanse ved omtale av gardsbusetjinga frå vikingtid. *Både nasjonalt og internasjonalt er anlegget unikt.*

Plasseringa av garden er dramatisk oppe på terrasseflata, og ulikt andre vikingtidsgardar som låg i flatare landskap, har det ikkje budd folk i seinare tid på terrasseflata. Dermed får vi uforstyrra informasjon om korleis ein gard såg ut i vikingtid. Tilsvarende gardar andre stader er borte som fylgje av gjentatt busetjing på same plassen. Kunnskapen knytt til gardsanlegget på Ytre

Moa er difor langt meir enn kunnskap om lokale tilhøve; kunnskapen her er grunnlag for det biletet vi har danna oss av korleis garden såg ut i vikingtida.

Men Ytre Moa si eldste historie stoppar ikkje med dette. Dei siste utgravingane på terrassen i 1996 avdekkja ny og spanande informasjon. Busetjinga på terrassen kan sporast endå lengre attende i tid, nærare bestemt til overgangen bronsealder-jernalder. Dermed veit vi at det alt for godt over 2000 år sida budde folk på Ytre Moa og at kulturspora her representerer dei hittil eldste spor etter jordbruksaktivitet i låglandet i Årdal (Larsen 1995). Dette er viktig informasjon i seg sjølv, men endå viktigare i høve til forståinga av korleis ein utnytta naturressursane i denne perioden. Truleg har det vore tilknytning mellom den aktiviteten som gjekk føre seg på Ytre Moa og bruken av nærliggjande fjellstrok i bronse- og jernalder. I Skrivarhellaren som ligg i Moadalen er det påvist busetjing som korresponderer med dateringane på Ytre Moa, og funna frå helleren syner kontakt med låglandet. Dermed vert Ytre Moa ei viktig brikke i historia om kontakten mellom lågland og høgreleggjande fjellstrok i forhistorisk tid.



Figur 2. Årdal metallverk og Ytre Moa.

Årdal Metallverk (Årdal Metal Works) and Ytre Moa.

Ytre Moa – utgravinga og tolkinga

Gardsanlegget på Ytre Moa vart undersøkt i 1964-66 under leiing av Historisk museum, ved daverande konservator Egil Bakka. Sjølv om anlegget berre er delvis undersøkt, gav det svært interessante resultat. Fyrst og fremst vart utgravingsleiaren sin mistanke om at det kunne vera ein vikingtidsgard stadfesta, deretter vart det fastslege at husa her var bygde over ein annan plan enn folkevandringstida og vikingtida sine langhus som var kjende frå andre stader i landet. Endeleg viste funna frå både hus og gravhaugar at menneska som hadde budd her oppe under fjellfoten på ein terrasse som i dag er utan vatn, må ha vore relativt velstående (fig. 3).

Hadde undersøkinga vore gjort i dag, med tilstrekkelege ressursar, ville ein nok stilt andre spørsmål enn det som var vanleg i 60-åra. I tillegg til å undersøkje dei synlege fornminna, ville det vera ønskjeleg å avtorva eit større område for eventuelt å påvise strukturar som i dag ikkje er synlege over bakken (t.d. spor etter gjerde, geil, vegar). Dette let seg framleis gjera, dersom ein ønskjer å ta opp att den vitskapelege granskinga av Ytre Moa. Saman med undersøkingar av meir teknisk karakter, vil det kunne hjelpa til med å nyansere og utfylla det biletet vi i dag har av livet på Ytre Moa i vikingtida.


I alt vart det registrert 6 hustuffer og ca. 20 gravhaugar (det kan vere vanskeleg å skilje mellom små gravhaugar og ryddingsrøyser), samt ein bautastein som også markerte ei grav. Sjølv utgravinga omfatta alle hustuftene og åtte gravhaugar samt ei flatmarksgrav som delvis var utrasa i terrassekanten (Bakka 1965, -71).

Dei seks hustuftene er nokså like med omsyn på grunnplan, og ligg endå att som steinvollar i hesteskoform, dvs. to langveggar og ein kortvegg, medan gavlveggen med inngang må ha vore laga av anna materiale (unntaket her er hus, F, eit av dei yngste) (fig. 3). Husa har soleis vore svakt rektangulære, med grunnflate frå ca. 30 til 45m². Dei ligg nokså nær kvarandre, slik at det er mogeleg at dei kan ha vore del av eit felles tun.

Funna gir grunnlag for å fastslå bruken av brukstida av husa. Ut frå desse sluttar Bakka (1965, -71) at tuftene A, B og F har vorte bustadhus av same type. Dei tre resterande husa må ha tent andre føremål. Her vart det omtrent ikkje gjort funn som fortel om verksemda, så tolkinga må byggja på andre kjelder. Oldsakene i dei tre bustadhusa viste seg å vere av ulik alder. Bakka har tolka situasjonen slik: først vart hus A bygd. Det vart brukt i 800-åra, men brann så ned. Eit nytt hus (kanskje hus F) vart bygt opp på ei ny tomt og brukt til ut på 900-talet. Også det brann ned, og hus B vart bygt. Tolkinga av forholdet mellom husa F og B er spesielt usikre, etter som funna ikkje gir haldepunkt for slutningar om deira innbyrdes alder. Tolkinga ovanfor er

basert på den føresetnaden at her har vore ein gard på denne terrassen. Alternative løysingar har òg vore lanserte. Det er nemleg ikkje noko i funnmaterialet som motseier at to, eller kanskje alle tre bustadhusa kan ha vore i bruk samstundes. I så fall står vi ovanfor eit slags fellestun frå vikingtida. Om også jorda då vart drive felles eller delt, veit vi sjølvstakt ikkje (Lillehammer 1971), heller ikkje om kvar familie hadde eigne hus. Det ser likevel ut til at vi framleis manglar delar av garden(ane); ingen av dei tre husa G, D og E kan nemleg tolkast som fjøs.

Gravhaugane må vi sjå på som ein integrert del av tunet. Dels ligg dei mellom tuftene, dels i ei rekke aust for desse. Dei kan ha vore plasserte langs vegen som førte frå garden. Ei slik plassering er velkjent frå store deler av forhistoria, og kan truleg vere ei slags revirmarkering. Ved å leggje gravene nær bustadene fekk ein dessutan markert at dei som er døde framleis høyrde til slekta og hadde ei viktig rolle å fylla (Bakka 1965, -71).



Figur 3. Illustrasjonsteikning over fornminna på Ytre Moa.

Illustration/illustrative material of the historical monuments at Ytre Moa.

Dei åtte haugane som vart utgravne, gav berre sparsame funn. Der det vart funne spor etter gravlegging, ser det ut til at eit branngravritual har vore fylgt, etter som det vart funne kol og brente bein. Dei anlegga som ikkje gav funn kan ha vore bygde over utbrente lik (Bakka 1965, -71). Er dette rett finn vi også her den blandinga av tilsynelatande heilt ulike gravritual som

synest å vera karakteristisk for store delar av forhistoria vår.

Den mest interessante gravlegginga som vart avdekkja viste at lik ikkje låg i haug, og var utan anna overflate-markering enn to steinar. Desse steinane viste seg å markere stommene i ei båtforma steinsetting av ein type som er sjeldan på Vestlandet. Inne i steinsettinga fanst brente bein, trekol, båtsaum, perler og skrinhasper. I tillegg til å markera båten med steinsetting, var den som var daud brunne på bålet saman med endå ein båt. Slik dobbel båtmarkering er svært uvanleg. Perlene og skrinhaspene indikerer at den som var død må ha vore ei velstående kvinne. Heile dette anlegget låg att innanfor ein hesteskoforma steinsetting som såg ut til å gøyma fleire graver. Spor etter slike vart også funne ut mot terrassekanten, litt lenger mot sørvest. Det er altså grunn til å tru at her har vore eit gravfelt sør for tunet. I så fall har dette rast ut i terrassekanten før Historisk museum tok til med gravinga.

Funna frå gravanlegga var som nemnt smålåtne. Vi manglar dei mange gravhaugane som ofte har vore arkeologane til stor hjelp i å rekonstruere tidlegare verksemd. Også i Sogn er rike gravgåver vanlege i vikingtida, men då helst i dei eldste og beste jordbruksområda, som Vik, Aurland, Sogndal og Balestrand (Dommasnes 1987). På den andre sida finst overalt anlegg med meir smålåtne utstyr. Med omsyn til graver må vi likevel tru at dei aller fleste vart gravlagde utan verken gravgåver eller synleg ytre markering.

Funn frå hustuftene var meir informative, og kan grovt delast inn i tre kategoriar: arbeidsreiskap, smykke og personleg utstyr, samt jaktreiskap. Det er verdt å merkja seg at våpen, som elles er ei av dei karakteristiske funnkategoriar i vikingtid, særleg frå graver, her glimrar med sitt fråvær.

Funna kastar lys over ulike sider ved livet på garden: daglege gjeremål, bruk av husa, kontaktar (handel m.m.) og status.

Konstruksjon av husa

Bakka (1965) gjer framlegg om at husa har vore stavbygde trehus med takberande stolpar gravne ned i undergrunnen. Særleg i hus B let stolpehola seg tydeleg påvisa (Bakka 1971). Rundt tre av veggene var det vollar av stein og grus – det er dei som i dag er dei synlege spora etter husa. Treveggene let seg under utgravinga påvisa som ei kolstripe på innsida av steinvollane i dei to husa som har brunne ned. Sjølve steinvollane har kanskje hatt til funksjon å støtta opp stavkonstruksjonen (Bakka 1971), eller kanskje har dei fyrst og fremst tent som isolasjon (Myhre 1986a).

Myhre (1986a) har diskutert utviklinga av førhistoriske typar av hus. Han tek opp konstruksjonen av «doble» vegger av tre og ytre voll som synest å vera gjennomgåande i kysten og på fjellet, men som sjeldan finst austpå. Klimaet var truleg avgjerande for denne byggjemåten då stein- eller trevegger aleine ikkje ville gi god nok isolasjon mot vind og fukt.

På den andre sida var trevirke mangelvare mange stader langs kysten, og treveggene måtte følgjeleg verna ekstra godt mot været. Slik kan skikken med ytre isolering av veggene ha oppstått. I følge Myhre (1986a) var husa i heile vår jernalder i alle grunntrekk trehus, ikkje steinhus slik det tidlegare har vore føreslege mellom anna av Hagen (1953). Ytre Moa-husa føyer seg såleis fint inn i tradisjonen.

Berekonstruksjonen har heilt fram til middelalderen vore stolpar. Spor etter stolpehol var også funne i alle bustadhusa på Ytre Moa. Dels har stolpane vore gravde ned i undergrunnen, dels har dei stått på flate steinar eller direkte på bakken. I hus B vart det påvist fem par stolpar, slik at det indre rommet er vorte delt i tre på langs, i likskap med folkevandringstidshusa som er rekonstruert på Ullandhaug ved Stavanger. I ein rekonstruksjon er det føreslege at husa på Ytre Moa har vore grindbygde med «betar» på tvers av stolpane.


Takkonstruksjonen på Ytre Moa-husa veit vi ingenting om. Derimot er det tenkjeleg at taktekinga har vore av torv. Ved utgravinga av det monaleg eldre huset på Modvo kunne nemleg Bakka (1976) påvise torv og never i kulturlaget. Han tolka dette som restar etter eit torvtak med nevertkking. Vi kan følgjeleg slå fast at denne forma for takteking i alle fall var kjend i distriktet på den tida. Komber (1986) drøftar ulike sider ved konstruksjonen av norske hus fra eldre jernalder.

Representativitet

I følge Dommasnes (1987) har ei rekkje gardsanlegg frå jernalder (i hovudsak perioden 0–1000 e.Kr.) heilt eller delvis vorte undersøkte, dei fleste av desse ligg på Jæren og i Nord-Noreg. Eit fleirtal av anlegga er frå eldre jernalder (fram til ca. 600 e.Kr.), men det finst også fleire yngre jernalderanlegg.

Den aller vanlegaste hustypen, både nord og sør i landet, er langhuset, opp til 60 m langt, med rom for husdyra i eine enden og eit eller to bustadrom. Innerveggene var vanlegvis av tre, ytterveggene av stein og taket var stolpeborne.

I Sogn er to gardsanlegg undersøkt, folkevandringstidsgarden Modvo i Hafslo (Bakka 1976) og vikingtidsgarden Ytre Moa i Årdal (Bakka 1965, -71, -76 og Lillehammer 1971). Begge desse anlegga skil seg noko ut frå dei forhistoriske gardane vi finn elles i landet.



Figur 4. Reguleringsplan for området.

Development plan of the area.

Anlegget på Ytre Moa ligg på ein terrasse ca. 70 m over dalen i Øvre Årdal. Som tidlegare nevnt, vart det i alt funne 6 hus og ca. 20 gravrøyser. Husa var alle relativt små (30–45 m²) med berre eit rom, og avvik såleis frå langhuset med alle funksjonar samla under eitt tak. Alt i eldre jernalder kan det påvisast småhus med spesialfunksjonar på gardsanlegg der hovedhuset var eit langhus (Myhre 1986a), så heilt nytt var ikkje dette prinsippet.

Kor representativ er så Ytre Moa-garden for tidas byggeskikk i Sogn? Var dette «standardgarden», eller ligg denne framleis gøymt for oss under seinare tids busetnad i meir sentrale strom utan brot i busetnaden? Myhre (1986b) peikar på at denne gardstypen, som i det vestnorske arkeologiske materialet står fram som eit unntak, kan ha vore den mest vanlege på større gardar i vikingtida. Han peikar og på at små eittroms bustadhus med inngang i gavlveggen er påvist i Rogaland alt i eldre jernalder. Berre nye omfattande granskingar kan gje svar på spørsmålet om representativitet.

Spanande industrihistorie

Den industrielle og teknologiske historia knytt til kraftutnyttinga og aluminiumsproduksjonen representerer Årdal si nære historie. Hydro Aluminium-Årdal Verk har planar om å etablere eit industrimuseum i den gamle kraftstasjonen Tya, der denne historia kan formidlast både lokalt og til reisande. Felles vegtilkomst, felles parkering og felles serviceanlegg er det lagt til rette for gjennom reguleringsplanen for området (fig. 4). Eit nytt Tyn kraftverk vil med si nye utbygging løysa ut både naudsynte vegar og område som skal til for å gjera anlegget til ein attraksjon.

Modell for tilrettelegging/formidling.

Ytre Moa er interessant i formidlingssamanheng ikkje berre når det gjeld gardsanlegget, men òg i høve til dei andre kvalitetane terrassen representerer. Dersom vi ønskjer å byggja ein rekonstruksjon på vikingtidsfunn

frå Sogn, er Ytre Moa vårt *einaste* alternativ. Garden ser ut til, ut frå dagens kunnskap, å vera særprega for regionen. Her må ein ta med at eit formidlingsprosjekt basert på langhusgarden alt er i drift, nemleg folkevan-dringstidsgarden Ullandhaug ved Stavanger (Stiftelsen Ullandhaug under Arkeologisk museum i Stavanger). Det må sjåast på som ein fordel om Ytre Moa kan fylla ut det biletet Ullandhaug gir.

Ein viktig faktor som gjer planleggingsarbeidet lettare er den vedtekne reguleringsplanen. Her er fleire forhold avklara, m.a. vegframføring, arrondering og vegetasjonsetablering av terrasseskråningane, fonds-avsetning av tilretteleggingsmidlar og utlegging av terrassen som spesialområde kulturminnevern. Bygginga av eit nytt Tyin Kaftverk vil gjera det råd å realisera desse planane om kort tid. Om 3 år vil Ytre Moa ha vegtilkomst, og naudsynt skjøtselsarbeid kan utførast.


Kulturavdelinga i Fylkeskommunen er komne langt i arbeidet med å arbeide ut ein handlingsplan for å legge til rette dei automatisk freda kulturminna i fylket vårt. I denne planen inngår Ytre Moa som hovudattraksjon i kulturminneløypa «*Bonden og garden*» som skal syne oss utviklinga av gardssamfunnet. Slik Kulturavdelinga ser det, har gardsanlegget på Ytre Moa eit unikt potensiale i ein slik formidlingssamanheng. Kulturavdelinga har òg valt ut Ytre Moa som eit av dei vikingtidsminna dei ynskjer skal vera fylket sitt bidrag i «*the North Sea Viking Legacy-project*».

Å leggja til rette Ytre Moa for publikum vil krevja ein omfattande innsats på fleire fagfelt. Oppgåvene er krevjande kvar for seg i tillegg til at dei krev samordning. Difor er det viktig å klargjere målet/visjonen med arbeidet. Korleis ynskjer vi å presentera Ytre Moa for oss sjølve og for gjestene våre? Kan vi nytta data i formidling av Ytre Moa og byggja opp ein virtuell kunnskapsbase om skilnaden mellom dei ulike vikingtids-gardsanlegg i Noreg og i utlandet?

Både Årdal Kommune og Fylkeskommunen er opp-tekte av at gardsanlegget på Ytre Moa skal hevast til ein kulturminneattraksjon. Dette krev at vi får til eit tilfredstillande skjøtselsarbeid. Erfaring syner at kortsiktige prosjekt har gjeve stadige forverringar og tilgroing på gardsanlegget. Ei nøye planlagd rydding i etappar kan vere løysinga (Peel m.fl. 1995). Vi ynskjer å gje publikum ei «autentisk» oppleving av gardsanlegget ved at dei kan sjå tuftene og gravhaugane slik dei fysisk ligg i terrenget.

Føresetnaden for å driva slik skjøtsel er at vi har vegtilkomst for transport av utstyr inn og transport av gras/trevirke ut, og at det er vegtilkomst også for ferdafolk.

Med eit vellukka skjøtselsarbeid i botn står ein og friare i den vidare tilrettelegginga av anlegget. I formid-



Figur 5. Skal ein freista å rekonstruera hustypen på Ytre Moa, kan ein truleg best tenkja seg ein enkel stavkonstruksjon.

If attempts were to be made to reconstruct the Ytre Moa original house model, a simple stave structure would be a probable choice.

linga har ein røynsle med at folk ynskjer å oppleve «noko ekte», og ikkje berre bli møtt med rekonstruksjonar og kopiar. Å oppleve det ekte kan vera det å bli informert på opphavleg stad.

Denne tankegangen står i motesetnad til Fylkeskommunen og Historisk Museum sin medverknad til planane for Sognefjorden Vikingsenter der det var planar om å laga ein kopi av Ytre Moa i Balestrand.

Engasjementet og bruken av tid og pengar på å få laga ein kopi ein annan stad for å verna originalen må etter min meining seiast å vera ei svært tvilsam fagleg vurdering. Så var det då også reiselivskonseptet som stod i framgrunnen og ikkje ei kunnskapsformidling av fornminna. Ein ventar at både Fylkeskommunen og Universitetet i Bergen legg ned minst like mykje arbeid i ei oppbygging på Ytre Moa som dei gjorde i dette planarbeidet.

Ein modell for ei slik oppleving på Ytre Moa vart utarbeidd i 1989 ved Institutt for arkitekturhistorie ved Hyllseth og Dietrichson etter oppdrag frå Årdal kommune. Her kombinerer ein det at folk kan vandra rundt på stiar mellom tuftene og gravhaugane, med å byggja ein rampeplass der ein hevar seg over anlegget og kan få oversikt og informasjon frå skilt. På denne måten kan folk sjølv velje om dei vil sjå nærare på kulturminnet. På same tid unngår ein eit virvar av skilt plasserte rundt om på gardsanlegget. Modellen er òg tiltalende med tanke på eldre og funksjonshemma. Forfattaren ser likevel eit minus ved modellen; det å bli løfta over bakken i ein stadig stigning med utsyn over tuftene burde leia fram mot «eit mål». Kva med eit rekonstruert hus som avslutning på turen? (fig. 5). Her kan det vera aktuelt å sjå nærare på dei planane som vart utarbeidd i samband med vikingsenteret på Veganeset i Balestrand.

Hovudidéen her var å framstille eit vikingtidsmiljø ved å innreie husa og setja inn livaktige figurar i kvardags-scener frå vikingtida. Her omfatta forslaget rekonstruksjon av eit heilt tunkompleks, men ideen kan òg takast i bruk for eit einskildhus.

«Senter» og framdrift

Ved tilrettelegging av eit omfang som skissert over vil det vere naudsynt med etablering av eit bygg med «senter»-funksjonar. Dette må vere eit bygg som kan fungere som ein møteplass for fleire tema/aktivitetar og som kan nyttast ved lokale arrangement og tilskipingar. Det er nødvendig å sjå på heilskapsløysingar i planleggingsarbeidet. Av idear kan nemnast:

- arkeologisk utstilling med funn frå utgravingane
- geologisk infoutstilling
- informasjon om tur- og rekreasjonsmogelegheiter
- kurs-/konferanse-/undervisningslokale
- kafé/sal av litteratur og suvenirar. Kanskje kunne ein laga kopiar av gjenstandar frå utgravingane i aluminium? Dette ville vore ei spanande kopling mellom fortid og notid.

I fyrste omgang kan ein tenkje seg dette drive etter ting-ing frå grupper. Dersom det er grunnlag for det kan ein seinare vurdere fast drift.

Årdal kommune ynskjer å koma raskt i gang med drøfting av prosjektplanane. Det vil vera naturleg at ein set ned ei arbeidsgruppe og styringsgruppe der kommunen, Hydro, fylkeskommunen og Bergen Museum, Arkeologisk Institutt og Høgskulen i Sogn og Fjordane er med. Kva for miljø som skal trekkjast inn når det gjeld datakompetanse er ein i tvil om, men både Universitetet, Høgskulen og Vestlandsforskning bør vera interessante. Kanskje vil eit IT-prosjekt vinna på å bli samordna gjennom «Nett.no – samordna IKT-bruk i offentleg sektor».

I samband med tusenårsskiftet var eit av regjeringa sine programål at universitet og forskingsintitusjonar skulle utfordrast til dialog og mobilisering. Årdal kommune vil ta initiativ til å få ulike partar på bana. Det vil bli spanande å sjå om dei ulike partane vil leggja tid, krefter og økonomi inn i eit slikt samarbeid.

Formidling og samarbeid

I samfunnet vårt er trongen for den gode historie i ferd med å ta nye retningar både i massemedia og i aktivitets-utfalding. Intellektuell moralpreik mot TV-program som Big Brother er lite å føra i marka med. Folk må gjevast kunnskapsalternativ.

Graver og gravskikkar frå vikingtida kan setjast opp mot dei skikkar vi har i samfunnet i dag og korleis vi no tek vare på gravene og gravplassane våre. Mi erfaring med turisme seier at dette er interessante forteljingar som folk er opptekne av. Særleg amerikanarane er opptekne av slike spørsmål. Dei forstår ikkje at vi ikkje tek vare på gravene våre i meir enn 60 år.

Det å høyra til og det å ha historia som ryggsekk-niste har ikkje kunnskapsinstitusjonane godt nok nytta ut i si formidling. Her må vi gå nye vegar. Heilt frå starten av må eit prosjekt som dette forankrast i lokalmiljøet gjennom ny samhandling. Så spørst det om kunnskapsinstitusjonane høgskule og universitet har evne og vilje til å ta ei slik utfordring frå eit lokalsamfunn. Lokal mobilisering er ikkje nett det som har vore retningsgjevande for arbeidet i dei tunge kunnskapsinstitusjonane. Kanskje vi til og med frå fyrste stund må tenkja pengar.

Ein må òg få fram den internasjonale profilen i bruk av IT ved å byggja opp hus eller deler av hus frå andre vikinganlegg, ved å nytte data, og ved å utvikla «dataspel» om vikingane. Dette kan gje god kunnskapsformidling.

Å få i gang produksjon og sal av smykke og anna kan bli ei framtidig inntektskjelde og utvikla nye lokale arbeidsplassar. Smelting av metall er noko ein kan i Årdal, men vidareforedlinga er det verre med. Råvareprodusenten Noreg har mykje å læra her om ein ser på dette i perspektiv.

- * Folk må betala for å vera med på kurs
- * Forskaren må popularisera
- * Læraren må laga pedagogisk opplegg
- * Byråkraten må orientera seg i høve til det lokale publikum
- * Lokalmobilisering på ein ny måte – På tvers i ein ny og større målestokk

Utfordringa vil koma til mange etter kvart ut frå ei mobilisering på tvers av nivå, av etats- og institusjonsgrenser, av forskning/høgskule/universitet, og av ulike interessegrupper i lokalsamfunnet.

Aktuelle samarbeidspartnarar er: Hydro aluminium, Årdal kommune med tenesteområde kultur, oppvekst-områda, kommunalteknikk, ulike lag som AOF, Årdal Turlag, Årdal jeger- og fiskeforening, Årdal Sogelag, Årdal Netklubb. Høgskular og universitet som Avdeling for naturfag og Lærereutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, Bergen Museum, Universitetet i Bergen, i tillegg til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Fylkeskulturkontoret og Fylkesarkivet/IT-forum.

Summary

The prehistoric farmstead at Ytre Moa is lying on a glacier river terrace in the municipality of Årdal in Sogn og Fjordane county. In both scientific and popular science literature this site is used as reference material when Viking Age farm settlements are described. The most recent excavations on the terrace, which took place in 1996, revealed that settlement on the terrace may be traced even further back in time – more precisely to the transition between the Bronze Age and the Iron Age periods. These signs of cultural activity represent the earliest indications of agricultural activity in the lowlands of Årdal so far (Larsen 1995).

All in all 6 house-sites, and about twenty burial mounds plus a tall, roughly cut stone monument that also marks the presence of a grave, were registered. The excavation itself included all the house-sites, 8 burial mounds, and a ground level burying place and a flat grave. The burial mounds lie partly between the house-sites, and partly in a row to the east of these (Bakka 1965, -71). The houses were all relatively small (30 to 45 square metres), and with only one room, thus deviating from the traditional long house where all activities took place under one single roof.

Ytre Moa has an interesting potential in a communicative context, not only where the farmstead is concerned, but also in connection with all the other qualities present in the terrace area. The farm appears to be original, and may be a supplement to the representation of the long house/Migration Period farmstead that Ullandhaug near Stavanger offers.

To make arrangements for a presentation of Ytre Moa to the public extensive efforts within various specialist fields will be required. Potential partners are: Hydro Aluminium, Årdal municipality – covering municipal services for children and youth, culture, and engineering, various associations like AOF (Workers' Occupational Association), Årdal Turlag, Årdal jeger- og fiskeforening, Årdal Sogelag, Årdal Netklubb. In addition, educational establishments/institutions like The Department of Natural Science and The Department of Education at Sogn og Fjordane College, Vestlandsforskning, Bergen Museum, and The University of Bergen may be of assistance in this

work. Another possible partner is Sogn og Fjordane fylkeskommune represented by the Department of Cultural Affairs and the County Archives/IT-forum.

Litteratur

- Bakka, E. 1965. Ytre Moa, eit gardsanlegg frå vikingtida i Årdal i Sogn. – Viking B.29:121–145.
- Bakka, E. 1971. Scandinavian trade relations with the Continent and the British Isles in Pre-Viking times. – Antikvarisk arkiv 40. Early medieval Studies 3:37–51.
- Bakka, E. 1976. Modvo og Ytre Moa. To gardsanlegg frå jernalderen i Sogn. – Iskos 1.
- Dommasnes, L.H. 1987. Sognefjord vikingsenter. Formidling om forhistorie. Arkeologiske rapporter 11. 102s. Historisk museum, Universitetet i Bergen.
- Hagen, A. 1953. Studier i jernalderens gårdssamfunn. – Universitetets Oldsaksamlings Skrifter bd. IV.
- Komber, J. 1986. En teknisk-konstruktiv analyse av jernalderens gårdshus i Norge – et bidrag til forhistorisk byggforskning. – Magistergradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Larsen, K. 1995. Ytre Moa, et gårdsanlegg fra vikingtid i Årdal, Sogn – en studie av byggeskikk og gårdsstruktur. – Hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Lillehammer, A. 1971. Ytre Moa i Årdal. Ein mangbølt gard frå vikingetida? – Arkeo nr. 1. 1971.
- Myhre, B. 1986a. Synspunkter på huskonstruksjon i sørvestnorske gårdshus fra jernalder og middelalder. I Myhre, B., Stoklund, B. og P. Gjærder (red.): Vestnorsk byggeskikk gjennom to tusen år. – Arkeologisk museum i Stavanger. Skrifter 7.
- Myhre, B. 1986b. Bolighusets utvikling fra jernalder til middelalder i Sør-vest-Norge. I Myhre, B., Stoklund, B. og P. Gjærder (red.): Vestnorsk byggeskikk gjennom to tusen år. – Arkeologisk museum i Stavanger. Skrifter 7.
- Peel, T., Rørlien, K. og Smies, T. 1997. Gjengroing av kulturminner på Modvo og Ytre Moa. 88 s. – Kandidatoppgave v/Avd. for Naturfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane.